

Vaksdal kommune

Konsul Jebsensgate 16

5722 Dalekvam

Arkoconsult AS

Malin Bruun.

malin@arkoconsult.no

Tilsvar/merknader på byggeprosjekt/dispensasjonssøknad i Kallands klubben 90, bruk 41/28, naust, uthus og terrasse.

Grunneigar av bruk 41/1 ber Vaksdal kommune om ikkje å gje tiltakshavar av 41/28 dispensasjon frå bestemmelsar om arealformålet i LNF området, byggegrense mot sjø og avstand mot nabogrense.

I området Verpen som byggeprosjektet ligg i er sjølinja no kraftig privatisert av hytteeigarane ,både med lovlige og ulovlige bygg. Som konsekvens er det sterkt begrensa muligheter for tilkomst til området for andre en eigarar av hytteeigendommane. Det er berre området til 41/1 som står igjen som ubebygd areal, sjølv om enkelte hytteeigara har tatt seg tilrette på dette området og.

Naustet si plassering pga størrelse blir ruvande i strandsona spesielt frå området til 41/1 det vil frata utsikten mot øst og stengja inne området, naustet vil bli dobbelt så høgt som eksisterande bygg, grunneigar av 41/1 stiller og spørsmål om det allerede etablerte tiltaket på eiendommen 41/28 med flytebrygge , kai ol.er godkjent av kommunen? Grenselinja mellom 41/1 og 41/28 er ikkje oppmålt, slik den ligg er den usikker, plassering av tiltaket og oppgjeve høgde og størrelse er nærmare 41/1 sin eigedom enn 4 meter kan ikkje godtakast .

Dette tiltaket vil klart tilsidesette friluftsinteresser og allmennhetens mulighet til ferdsel og rekreasjon i området. Tiltaket er klart i strid med kommunens kpa.

Tiltaket vil og føre til nedbygging av naturmangfallet i området som allerede er under sterkt press delvis grunna store ulovlig inngrep i området.

Argumentasjonen frå tiltakshaver til oppføring av naust som oppbevaring av båt, div fiskeutstyr ol. kan ikkje vektleggjast framfor naturmangfallet og friluftsinteresser i strandsona. At det ikkje er naust tilknytta fritidseigedommen begrensar ikkje muligheten for fritidsfiske og andre sjøaktiviteter .Det er i denne saka store negative konsekvenser for alle andre enn tiltakshaver.

Grunneier av 41/1 stiller spørsmål om utforminga på naustet, det ser ut som for grunneier at loftetasjen på naustet skal brukes som oppholdsrom? grunneier ser ikkje at andre naust i umiddelbar nærhet har slik utforming .

Område Verpen er tilkomst til sjø/strand for andre hytteeigarar på 41-1 utan sjø/strand tilkomst frå eigen tomt ,tiltaket med naust ol. Vil såleis hindre allmenn ferdsel i området langs sjøen.

Avslutningsvis meiner grunneigar av 41/1 at det klart er berre negative konsekvenser for alle andre enn tiltakshaver i dette tilfellet og at Vaksdal kommune må avslå dispensasjonen .

Dale 12.08.22

Mvh. Ronny Lilletvedt

Grunneigar 41/1,